

Kommuneplan for Aurland kommune

Samfunnsdel

2022-2033

Vedteke av kommunestyret 03.11.22, sak 047/22

Innhald

1	Kort om samfunnssdelen	3
1.1	Ordføraren sin omtale av planen	3
1.2	Kva er ein samfunnsplan?	3
2	Slik har me det i Aurland kommune	5
3	Visjon og verdiar – slik vil vi ha det.....	7
3.1	Aurland – det naturlege valet!	7
3.2	FNs berekraftsmål	7
4	Korleis skape den utviklinga me ønskjer?	9
4.1	Gjennomgåande tema.....	9
4.1.1	Klima og miljø	9
4.1.2	Folkehelse.....	11
4.2	Satsingsområde	14
4.2.1	Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn.....	14
4.2.2	Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning.....	16
4.2.3	Ein førebudd og trygg kommune.....	20
5	Arealstrategi	24
6	Oppfølging av planen.....	27

1 Kort om samfunnsdelen

1.1 Ordføraren sin omtale av planen

Aurland kommune er godt i gang med å utarbeide ny samfunnsplan. Planen inngår i kommuneplanen som er delt i to, samfunnsdel og arealdel, og er eit overordna dokument som vil vera styrande for kommunen i mange år framover. Samfunnsdelen handlar om t.d. tenestenivå, prioriterte satsingsområder, strategiar og målsetjingar, medan arealdelen tek føre seg arealdisponeringar, t.d. tilrettelegging eller vern. Planen vert utarbeidd med bakgrunn i litt historikk, men mest som framtidsrette mål og ambisjonar. Nytt i denne samfunnsplanen er at FN sine berekraftmål vert lagt til grunn.

Aurland er, og skal vera ein god og trygg kommune å bu i. Me har sett at uventa hendingar, som pandemi og krig, set oss og samfunnet rundt oss på prøve, og syner at det me har «teke for gitt» kanskje ikkje er så sjølv sagt likevel. Samstundes vert me lokalt utfordra av initiativtakarar med spenstige planar både innan byggjekultur og arealbruk, -planar som må takast på alvor, men som me har vanskar med å handsame no. Samfunnsplanen vert såleis eit veldig viktig styringsdokument, og vil kunne synleggjera kva som vert viktige prioriteringar i åra framover, enten det dreiar seg om matvaretryggleik, industriareal, eldremorsorg, skule eller konsesjonskraft.

Aurland kommune har ein rimeleg trygg og god økonomi. Dette, saman med framtidsretta planlegging, vil sikre oss ein god kommune å bu i også i framtida.

Samfunnsplanen vert no lagt ut på høyring. Det er svært viktig at innbyggjarane våre nyttar sjansen til å kommentere, komme med innspel, eller på anna måte påverke planen. Som tidlegare sagt er det samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen som vert retningsgjevande for utviklinga i kommunen vår framover. Lykke til!

1.2 Kva er ein samfunnsplan?

Samfunnsdelen til kommuneplanen er den overordna planen for utviklinga av Aurland kommune som lokalsamfunn og organisasjon. I denne planen fastset me visjon, mål og strategiar som kommunen skal arbeide mot dei neste ti åra. Desse måla og strategiane skal konkretiserast gjennom vidare planar og strategiar som kommunen utarbeider.

I samfunnsdelen har me fokusert på tre tema, *Lokalsamfunn og tenesteutvikling, Næringsutvikling og besøksforvaltning* og *Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune*. Nærare skildring av desse finn du i planprogrammet. Desse temaa har me arbeida vidare med som satsingsområde i samfunnsdelen:

Tema	Satsingsområde
<i>Lokalsamfunn og tenesteutvikling</i>	Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn
<i>Næringsutvikling og besøksforvaltning</i>	Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning
<i>Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune</i>	Ein førebudd og trygg kommune

I tillegg til desse tre satsingsområda, har me valt å ha folkehelse og klima og miljø som gjennomgåande tema. Satsingsområda med mål og strategiar som føl dei opp, vert nærmare skildra i kap.4.

Det skal vere ein raud tråd mellom måla og strategiane i samfunnsdelen og andre mål og strategiar kommunen har sett seg. Andre relevante mål og strategiar er derfor forsøkt innarbeida i planen. Samfunnsdelen byggar også på andre planar og strategiar kommunen har utarbeida dei siste åra, i tillegg til overordna føringar frå regionalt og statleg nivå.

Viktige overordna føringar er:

- Nasjonale forvetningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Statlege planretningslinjer
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 (Sogn og Fjordane)
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 (Sogn og Fjordane)
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025

Medverknad

Gjennom planprosessen har kommunen invitert innbyggjarar, politikarar, tilsette, næringsliv, barn, unge og eldre, til å komme med innspel til kva som er viktig for dei. Prosessen har ført til eit stor engasjement og ei omfattande mengde med innspel som vi har teke med inn i arbeidet med utforming av planen.

Det vart oppretta tre arbeidsgrupper med politikarane og tilsette frå dei ulike einingane som var aktive gjennom heile planprosessen frå utarbeiding av planprogram til formulering av mål og strategiar. Det vart også gjennomført gjestebod for dei ulike einingane i kommunen, innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv m.m. I tillegg gjennomførte me ei innbyggjarundersøking per telefon og hadde stands framføre butikkane i kommunen. Det vart også gjennomført eit eige opplegg for 8.klasse på Aurland barne- og ungdomsskule.

Nedanfor kjem ein kort status over korleis me har det i Aurland kommune, før visjon og verdiar for Aurland kommune vert skildra. Deretter tek me for oss satsingsområda til kommunen, før arealstrategiane vert skildra. Arealstrategiane kan sjåast på som som eit bindeledd mot arealdelen. Til slutt har me eit lite kapittel som omhandlar oppfølging av samfunnsdelen.

2 Slik har me det i Aurland kommune

Aurland kommune er kjend som ein reiselivskommune med store verdiar knytt til natur, kultur og landskap. Det spektakulære landskapet tiltrekker seg besøkande frå nært og fjernt. Sidan 2005 har Vestnorsk fjordlandskap stått oppført på UNESCO si verdsarvliste, der delområde sør, Nærøyfjordområdet, består av store areal som ligg i Aurland kommune. Kvardagslandskapet vårt har verdsarvstatus! Innanfor verdsarvområdet ligg det fleire naturreservat og to landskapsvernområde. Vidare er Aurlandsfjorden ein del av Sognefjorden som er nasjonal laksefjord, medan Flåmselvi og Nærøydalselvi er nasjonale lakseelvar. I fjellområda er det villrein. Nordfjella villreinområde er definert som nasjonalt villreinområde og store delar av dette området ligg i Aurland kommune.

Naturlandskapet har vidare gitt grunnlag for heilt særegne kulturverdiar. Folk har busett seg og opphaldt seg i Aurland i lange tider, og det er mange spor på dette i omgjevnadene våre: Med gamle gravhaugar og steinrøyser, tradisjonell stølsdrift i bratte fjellsider, verneverdig klyngetun og strandsitjarmiljø. I tillegg har me fleire nasjonalt og internasjonalt kjente attraksjonar som Flåmsbana, Rallarvegen, Aurlandsdalen og Undredal Stavkyrkje, og i Flåm ligg ein av dei mest besøkte cruisehamnene i Noreg. Kommunen er eit attraktivt reisemål med over ein million besøkande i året, noko som fører med seg eit stort behov for god besøksforvaltning og velfungerande infrastruktur, i form av avfallshandtering, skilting og toalettløysingar m.m.

Det dramatiske naturlandskapet fører også med seg mykje naturfare i form av skred og flaum, noko som gjer samfunnsutviklinga i kommunen til tider utfordrande. Dette fører til dømes til at det er få eigna område for vidare bustad- og næringsutvikling. Oppfølginga av bustadpolitisk handlingsplan vil vere viktig for å sikre den bustadutviklinga som er ønskt i Aurland kommune.

Dei fem bygdene Flåm, Aurlandsvangen, Vassbygdi, Gudvangen og Undredal, er saman med dei mange små grøndene populære destinasjonar for tilreisande, men samstundes også heimstader for innbyggjarane. I 2021 var me 1766 innbyggjarar i Aurland kommune. Folketalet er venta å framleis ha ein svak vekst fram mot 2040. Ein viktig grunn for at folketalet aukar er nettoinnflyttinga til kommunen. Det er mange som ynskjer å kome til Aurland kommune, og folk kjem ifrå heile verda - i 2021 hadde me innbyggjarar med bakgrunn frå 46 ulike land! Det er sjølv sagt eit mål at innbyggjarane skal bu og leve godt i Aurland. Folketalet er i vekst, og det er mykje som tyder på at Aurland er ein plass der folk ynskjer å vere. Viktige tema i samfunnsdelen vil difor vere korleis Aurland kommune kan vere eit godt vertskap for besøkande, samstundes som trivselen til innbyggjarane vert ivaretake.

For å ivareta trivselen til innbyggjarane må kommunen sjølv sagt sjå på fleire av faktorane som speler inn. Kommunen må jobbe for å halde på både dei som veks opp her, og dei som kjem som tilflyttarar. Som ein liten kommune er det heller ikkje lett å rekruttere og behalde viktig fagkompetanse, og kommunen kan derfor ende opp med små fagmiljø som skal løyse store utfordringar. Interkommunalt samarbeid og strategiske samarbeidspartnarar vil derfor vere viktig framover.

Me har mange ulike næringer i kommunen. Det har vore gruvedrift i Nærøydalen sidan 1956 og her er den største førekosten av anortositt i Europa. Det ligg ressursar her for fleire hundre år framover. Samstundes har kommunen liten tilgang på grus og massar frå fast fjell. Kraftutbygginga i Aurland starta i 1969 og prosjektet var gigantisk i verdssamanheng. Kommunen har i dag fem kraftverk og er ein av dei største kraftkommunane i Norge. Fornybar energi står for den største verdiskapinga i kommunen. Landbruk er ei viktig næring i kommunen og kommunen er kjent for geitostproduksjonen sin. Sogn Jord- og Hagebrukskule, som har ei landsline i økologisk landbruk, er per i dag den einaste 100 % økologiske landbrukskulen i landet.

Det er flest bedrifter i kommunen innanfor jordbruk. Mens sekundærnæringar, helse- og sosialtenester, undervisning, offentleg administrasjon og personleg tenesteyting også er blant dei viktigaste næringane i kommunen. Reiselivsnæringa har flest sysselsette i kommunen og dersom ein ser vekk frå fornybar energi, står reiselivsnæringa for nesten 50 prosent av verdiskapinga. Det er viktig at alle desse næringane har moglegheita og grunnlaget til å vidareutvikle seg. Også dette er eit heilt sentralt tema i samfunnsplanen.

3 Visjon og verdiar – slik vil vi ha det

3.1 Aurland – det naturlege valet!

Visjonen for Aurland kommune er at me skal vere det naturlege valet! Dette meiner me på mange måtar allereie å vere, då det ikkje er tvil om kvalitetane som finst i Aurland kommune:

Me har natur- og kulturverdiar i verdsarvklasse - eit spektakulært og vakkert naturlandskap, som har gitt grunnlag for særeigne kulturmiljø og kulturtradisjonar. Dette er viktige kvalitetar både for alle dei som kjem ifrå kommunen, og for folk frå heile verda som kjem til kommunen. Kvart år har me rundt ein million besøkande, og me har innbyggjarar med bakgrunn frå heile 46 ulike nasjonalitetar. Då er det ikkje tvil om at me har noko heilt spesielt å by på i Aurland kommune.

Det er eit spirande næringsliv i kommunen, og det er eit stort utviklingspotensiale for dei som ynskjer å starte opp nye verksemder. Kommunen ligg som eit naturleg knutepunkt midt i fylket, mellom Sogn og Hardanger, med gode kommunikasjonsårer og rimeleg, fossilfri kraft. Desse kvalitetane er grobotn for heile kommunesamfunnet, og må dyrkast vidare inn i framtida.

Visjonen om at Aurland kommune skal vere eit naturleg val, handlar om at kommunen skal vere attraktiv på fleire plan. Aurland kommune skal vere det naturlege valet både for dei som ynskjer å kome på besøk, for dei som ynskjer å busette seg, og for dei som ynskjer å satsa og utvikla nye verksemder.

Dette krev at kommunen må kunne tilpasse seg dei endringane som skjer i verdssamfunnet. Med endringar følgjar både utfordringar og moglegheiter. Attraktiviteten til Aurland avhenger på mange måtar av korleis kommunen møter utfordringane og utnyttar moglegitetene. Visjonen krev at Aurland kommune må vere tilpassingsdyktig og fleksibel, både som organisasjon og som samfunn.

Det er diskutert om visjonen skal vidareførast slik den er eller om me skal utarbeide ein ny visjon for kommunen. I satsingsområde 3 er det satt opp eit mål om å utarbeide ein ny visjon i samband med utarbeidning av ny profil for heile kommunen.

3.2 FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for kommunen sin verksemd. Alle dei 17 berekraftsmåla er viktige for å ivareta mål om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.



Figur 1: FNs berekraftmål. www.fn.no

Mange av berekraftmåla omhandlar komplekse og globale utfordringar, og opplevast kanskje ikkje å vere like aktuelle i Aurland og Noreg. Likevel vil dei aller fleste måla vere relevante også for oss. Det ikkje til å kome unna at globale endringar har sitt utspring i lokale høve og handlingar.

Til dømes handlar berekraftmål nr.2 Utrydde svolt om at alle menneske skal ha tilgang på næringsrik og berekraftig mat heile året, og at ingen skal svelte. Dette inneber at me må fordele ressursane og ta vare på maten me produserer på ein betre måte enn i dag, gjennom meir lokal matproduksjon, meir berekraftig produksjon av maten og mindre matsvinn. Alt dette er også aktuelt for Aurland.

Dersom me skal nå berekraftmåla innan 2030, må alle deler av samfunnet bidra. Kommunen er viktig i dette arbeidet då det er dette forvaltningsorganet som er nærast innbyggjarane, bedriftene og organisasjonane. Kommunen har ansvar for store deler av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar folk sine levekår og utviklingsmoglegheiter. I tillegg til å vere tenesteleverandørar, eigedomsforvaltarar, arbeidsgjevarar og innkjøparar. Samstundes er frivillige organisasjonar og foreiningar, næringslivet og innbyggjarane heilt sentrale i arbeidet med å nå måla.

Ifølge «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019- 2023» skal berekraftmåla ligge til grunn for kommunen sin samfunns- og arealplanlegging. I samfunnssdelen vert berekraftmåla knytt opp til måla under kvart satsingsområde. Strategiane for å nå måla viser korleis kommunen skal arbeide for å oppnå berekraftmåla.

Aurland er ein reiselivskommune med mange besökande årleg. Berekraft for dette samfunnet vil vera det å balansera behov for økonomisk soliditet i verksemndene i området, tolegrensa for bruk av den internasjonalt verdsette naturen, og sosial omsyn for innbyggjarane og dei besökande. Å kutte klimagassutslepp frå transport på sjø og land vil vera ei hovudutfordring. Dessutan å nytta areala effektivt og å ta omsyn til naturmangfaldet for framtida.

4 Korleis skape den utviklinga me ønskjer?

For samfunnssdelen er det valt ut 3 satsingsområde:

- Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn
- Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning
- Ein førebudd og trygg kommune

Det er i tillegg valt ut 2 gjennomgående tema: (1) klima og miljø og (2) folkehelse. Målet er at klima og miljø og folkehelse skal implementerast i alt anna arbeid som kommunen gjer. Dei to temaa er heilt sentrale i ein berekraftig samfunnsutvikling og kan knytast tett opp mot berekraftsmåla. Fleire av utfordringane innanfor folkehelse-, klima- og miljørarbeid er tverrfaglege tematikkar som må løysast gjennom samarbeid på tvers av einingane i kommunen. Det er difor bestemt at disse temaa skal vere gjennomgåande i samfunnsplanen, og innarbeidast i alle dei tre satsingsområda.

4.1 Gjennomgåande tema

4.1.1 Klima og miljø

FNs berekraftmål:



Klima som gjennomgåande tema handlar om korleis kommunen kan redusere utsleppa fram mot 2033 og korleis kommunen kan førebu seg på klimaendringane som me allereie ser spora av. Det omhandlar og behovet for energiomlegging og effektivisering, og behovet for å ta betre vare på naturmangfald.

I 2018 var dei direkte klimagassutsleppa i Aurland på 27215,4 tonn CO₂e, rundt 9,8 tonn CO₂e per innbyggjar per år. Det meste frå vegtrafikk og sjøfart, og noko frå landbruk. Dei indirekte klimagassutsleppa følger av forbruket vårt, og er fleire gonger større enn dei direkte utsleppa. Sidan Noreg har ein ope økonomi med mykje import, bidreg forbruket vårt til klimagassutslipp over heile verda. Det å leggja til rette for endra forbruk og utvikla den sirkulære økonomien, vil vera ein veg å gå vidare.

For klima, energi og miljø har me sett oss følgjande overordna mål:

- AURLAND KOMMUNE VIL KUTTA DEI DIREKTE KLIMAGASSUTSLEPPA MED 55% I 2030, MED UTGANGSPUNKT I UTSLEPPA I 2018, OG VERA EIT LÅGUTSLEPPSSAMFUNN I 2050
- MÅL OM Å VERE EIT KLIMAROBUST OG SIKKERT SAMFUNN I EIT ENDRA KLIMA
- MÅL OM FOSSILFRI, BEREKRAFTIG OG SIKKER ENERGIFORSYNING. ENERGIEFFEKTIV PRODUKSJON OG FORBRUK
- MANGFALDIG OG ARTSRIK NATUR, NATURVENLEGE KULTURLANDSKAP OG SUNT MILJØ

Desse måla blir fylgt opp gjennom delmål og strategiar under dei tre satsingsområda i kapittel 4.

Lågutsleppssamfunn

I eit lågutsleppssamfunn er storleiken på klimagassutslepp rundt 2-3 tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar per år. Dette fører med seg at heile samfunnet må delta med omstilling i det grøne skiftet. Det vil sei å skifta til fossilfri energi til alle føremål, og ein sirkulær økonomi. For kommunen som organisasjon vil det tyda at ein har stor merksemeld rundt arealbruk med avgrensing av inngrep, samt at ny utbygging skjer gjennom fortetting innanfor allereie utbygde område. Dessutan ENØK og berekraftig materialbruk i rehabilitering av bygg og i nybygg er, samt gjenbruk av materialar. Fossilfri transport i tenestene og tydelege klima- og miljøkrav i innkjøp og anbod.

Klimarobust og sikkert samfunn

Klimatilpassing medfører at ein søker å forstå konsekvensane av at klimaet endrar seg og å setta i verk tiltak for å hindra eller redusera skade, og å nytta moglegheiter som endringane kan føra med seg. I utvikling av Aurlandssamfunnet er klimarisiko eit omgrep det er relevant å sjå nærmare på. Dette som utgangspunkt for å omstille og sikra samfunnet og auka berekraft. Klimarisiko inneheld delemlna: finansiell risiko, fysisk klimarisiko, overgangsrisiko, ansvarsrisiko og grenseoverskridande risiko. I oppfølging av tiltak for å redusera klimagassutslepp, er det aktuelt å ta utgangspunkt i klimarekneskap. Eit klimabudsjett vil synleggjera effekten av tiltak ein set inn for å redusera klimagassutslepp. Dette kan knytast til kostnader ein har for tiltaket.

Hendingar som fører med seg naturskade, gjer omgrepet «fysisk klimarisiko» godt kjent i Aurland. Som mange andre kommunar, har Aurland store område som er utsett for naturfare. Det er i stor grad knytt til skred, men også flaum og havnivåstigning. Klimaprofiler samanliknar klimaet i år 2071–2100 med tida mellom 1971 – 2000, og viser endringar som er i gang. Klimaprofil for Sogn og Fjordane viser, mellom anna, vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, fleire og større regnflaumar. Aurland kommune skal vurdere ulike måtar å flaumsikre Flåmsvassdraget. Dessutan auka fare som følgje av auka nedbørsmengd og på grunn av havnivåstiging er det venta auke i nivåa av stormflo. I tillegg klimarelatert naturskade, er det to område der større fjellparti flyttar seg sakte, som kan medføra ras som kan gje flodbølger i Flåm. Klimapåslag er utvikla, og vil, saman med anna dokumentasjon, takast med som kunnskapsgrunnlag, i kartverk, sikring, arealplanlegging og sakshandsaming.

Energi

Fyste året med pandemi i 2020, var utsleppa redusert med 34,4 % frå året før, då reiselivet endra seg og cruisetrafikken stoppa. Dette viser potensialet i fossilfrie energiløysingar. I Aurland vert det produsera mykje rein energi i form av vasskraft. Behovet for kraft i Aurlandssamfunnet vil auka i åra framover, då fartøy og bilar elektrifiserast. Landstraum for cruiseskipa vil gjera stor nytte i

utsleppskutt. Tal på fossilfrie bilar og kanskje bussar, vil auka, og dette vil også krevja tilgang til straum. I tillegg er det forsking og utvikling i gang for å skapa fleire moglege fossilfrie energiløysingar. Energieffektivisering er sentralt i framtida. Energimerking gjer det også mogleg for forbrukarar å velje dei mest energieffektive produkta. Det er i tillegg system for energimerking av bygg. Dette er verktøy ein kan nytta aktivt og i Aurland.

Natur og miljø

Store delar av arealet i Aurland er underlagt ein eller annan form for vernestatus. Fjordlandskapet er oppført på UNESCO si verdsarvliste, som ein del av Vestnorsk fjordlandskap. Både Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden og store landareal er med i dette området. I tillegg er verneplanprosess for marint vern av Sognefjorden sett i gang. Ei ny konsekvensutgreiing vil kunne bidra med ny og naudsynt kunnskap om fjorden, og bidra til betre forvaltning av ressursane frå -2 meters djup og nedover. Aurlandsfjorden er nasjonal laksefjord som fjordarm av Sognefjorden, medan Flåmselvi og Nærøydalselvi er nasjonale lakseelvar. I fjellområda har Aurland delområde i 4 forvaltningsområde for villrein. Store delar av kommunens areal er innlemma i Nærøyfjorden landskapsvernombord, og i tillegg har kommunen areal innanfor Bleia-Storebotn landskapsvernombord, Hallingskarvet nasjonalpark og naturreservatane Grånosmyrane, Geitanosi, og Nordheimsdalene.

Eit så attraktivt område, med mykje besøk av turistar, utfordrar kommunen og reiselivet i det å utvikla ein berekraftig reiselivsdestinasjon og besøksforvaltning. Det gjev Aurland kommune eit særskilt ansvar for å ta vare på internasjonale og nasjonale verdiar. Dessutan er arealplanlegging og arealforvaltning særskilt utfordrande, der ein må balansera omsyn til klimagassutslepp, fysisk klimatilpassing, naturmangfold og vern, landbruk og behov for vegar og bygg- og næringsareal.

4.1.2 Folkehelse

FNs berekraftmål:



Folkehelse som gjennomgåande tema handlar om korleis kommunen kan fremme helsa og trivselen til innbyggjarane, og redusere dei faktorane som kan påverke dette negativt. Det er mange forhold som verkar inn på innbyggjarane helse og livskvalitet, og det er difor fleire tema som er viktige å arbeide med for å styrke folkehelsa i kommunen. Folkehelse er både eit resultat av individuelle

forhold og levevaner, men vert også påverka av levekår og strukturelle forhold som bu- og nærmiljø, oppvekst, utdanning, arbeid og inntekt. Det handlar om å sette menneskelege behov i sentrum, om sosial rettferd og like moglegheiter, og om å legge til rette for at innbyggjarar sjølv kan vere med på å påverke forhold i nærmiljøet og lokalsamfunnet. Folkehelsearbeid må difor jobbast med på fleire arenaer, både innanfor helsesektoren og på tvers av kommunen.

Det er nær samanheng mellom økonomisk og sosial utvikling, og ein satsing på folkehelsearbeid kan difor medføre auka verdiskaping. God helse og livskvalitet i befolkninga kan gje store ringverknader og vere avgjerande for å oppnå andre samfunnsmål som høg sysselsetting og det å vere ein attraktiv kommune for tilflyttarar.

Me har sett oss følgjande overordna mål for folkehelsearbeidet i Aurland kommune:

- INNBYGGARANE HAR TILGANG PÅ LEGEHJELP OG HELSETENESTER AV GOD KVALITET TIL RETT TID
- INNBYGGARANE HAR MOGLEGHEITA TIL Å LEVE AKTIVE OG SJØLVSTENDIGE LIV OG TA MEDANSVAR FOR EIGEN HELSE
- INNBYGGARANE OPPLEVER Å HØYRE TIL I EIT TRYGT, INKLUDERANDE OG ALDERSVENNLEG LOKALSAMFUNN MED MANGE SOSIALE MØTEPLASSAR

Desse måla blir fylgt opp gjennom delmål og strategiar under dei tre satsingsområda i kapittel 4.

Legehjelp og helsetenester av god kvalitet til rett tid

Kommunen skal syte for gode og forsvarlege helsetenester som motverkar sosiale helseforskjeller og fremjar god helse for alle. Førebygging av sjukdom, einsamheit og utanforskap vil vere viktige fokusområde i folkehelsearbeidet. Arbeidet med folkehelse ligg til fleire einingar i kommunen, plan har til dømes ansvar for ivaretaking av folkehelse i planarbeid, mens helse har tilsett ein treningskontakt som skal bidra til å bryte sosial isolasjon ved å opne tilgang til ulike arenaer for fysisk aktivitet. Kommunen kan likevel bli betre på koordinering av folkehelsearbeidet. Statistikk syner at helsetilstanden i Aurland generelt er god, men den demografiske utviklinga gjer at kommunen går fleire utfordringar i møte knytt til tenester innan helse og omsorg. Samstundes som det vil verte fleire eldre, vert det færre i yrkesaktiv alder til å ivareta dei eldre. Utviklinga av helsetenesta vil difor krevje ei tverrfagleg og heilsakleg tilnærming. Bruk av ny teknologi vil vere viktig for å finne gode og effektive løysningar. Samhandling og samskaping mellom sektorar, kommunale einingar, og frivillige og private aktørar, vil vere avgjerande i møte med framtidige utfordringar innan helsearbeidet. Dette er difor ein grunnpiral i det pågåande arbeidet med kommunens omstillingsprosjekt for helsesektoren, som vil gje stor innverknad på korleis kommunen handterer framtidige helseutfordringar.

Folkehelseoversikta for Aurland synte at kommunen bør jobbe for å gjere kvardagsaktivitet meir tilgjengeleg gjennom ei satsing på nærmiljøanlegg. Tilrettelegging for gående og syklande, aktive og sosiale møteplassar, og friluftsliv der folk bur, kan vere effektfulle tiltak for å auke innbyggjarane kvardagsaktivitet. Gang- og sykkelvegen mellom Flåm og Aurland er eit døme på eit viktig folkehelsetiltak som vil sikre tilhøva for innbyggjarane og besøkande i kommunen.

Moglegheit for aktive og sjølvstendige liv

Fysisk aktivitet fremmer god helse, meistringskjensle og godt humør, og motverkar både fysiske og psykiske helseplager. Å legge til rette for fysisk aktivitet kan difor vere ein effektfull måte å legge til rette for god helse. Det er eit breitt tilbod av fritidsaktivitetar i Aurland kommune, noko som bidreg til at innbyggjarane kan leve aktive liv. For å sikre eit tilpassa tilbod for flest mogleg, kan kommunen

legge til rette for at innbyggjarar sjølv kan ta del i og involvere seg i utviklinga av fritidstilbodet, med moglegheit for å starte opp nye tilbod og meir fleksible og mobile tilbod.

For å sikre at innbyggjarane kan leve sjølvstendige liv kan det vere naudsynt med ein innsats i tilrettelegging av uteområde og bygningsmiljøa. Universell utforming vil vere eit viktig verkemiddel for å sikre at alle kan delta i samfunnet og leve eit aktivt kvarlagsliv. Universell utforming handlar om å legge til rette alt frå produkt, omgjevnadar og tenester slik at så mange menneske som mogleg kan bruke desse på ein likeverdig måte. Både fysiske omgjevnadar, sosiale hendingar, offentlege bygg og offentlege tenester skal derfor utformast slik at det kan nyttast for alle og dette skal derfor vere ein prioritet i Aurlandssamfunnet. Heilt sentralt er også tilrettelegging i folk sine heim, slik at fleire kan bu heime så lenge dei sjølv ønskjer. Velferdsteknologi er viktige verktøy inn i dette arbeidet. Vidare skal det leggast til rette for at innbyggjarane har moglegheit for å involvere seg i offentlege og demokratiske avgjersler i utviklinga av både Aurlandssamfunnet og helsetilbodet i kommunen.

Trygt, inkluderande og aldersvennleg lokalsamfunn

Aurland kommune skal vere eit lokalsamfunn der innbyggjarane føler seg trygge og inkluderte, der alle kan delta og trivst, og der alle har moglegheita til å vere del av eit større fellesskap. Ein skal kunne finne seg til rette i Aurland uansett kor gamal ein er – om ein er barn, ungdom, vaksen eller eldre. Forsking viser at det er færre fysiske og psykiske helseplager i eit samfunn med sterke sosiale nettverk, tillit og støtte. Kommunen skal difor jobbe for å legge til rette for eit lokalsamfunn der innbyggjarane har moglegheit til å knytte sosiale band og kjenne på fellesskap og tilhørsle. For å fremme sosiale nettverk og god helse, skal det satsast på spontane, sosiale møteplassar, og gode fritids- og kulturtildod. Parker, turstiar, og leikeplassar er døme på spontane utandørs møteplassar, medan kaféar og kulturarenaer kan vere døme på innandørs møteplassar. Vidare skal det vere fokus på gode oppvekstmiljø og Leve heile livet, for å skape det aldersvennlege samfunnet me ynskjer i Aurland kommune.

4.2 Satsingsområde

4.2.1 Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn

Satsingsområdet *Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn* handlar om tenestene kommunen leverer til innbyggjarane og kva samfunn innbyggjarane våre skal vere ein del av.

I dette satsingsområdet har me sett oss følgjande mål:

HOVUDMÅL:

- INNBYGGJARANE I AURLAND KOMMUNE LEVER GODT HEILE LIVET

DELMÅL

- DET ER GODT Å VEKSE OPP I AURLAND KOMMUNE
- AURLAND KOMMUNE ER EIT INKLUDERANDE OG ALDERSVENNLEG LOKALSAMFUNN
- DET ER ENKELT Å LEVE KLIMA-, ENERGI- OG MILJØVENLEG I AURLAND KOMMUNE

Kva vil det seie at det er godt å vekse opp i Aurland?

For å sikre at det er godt å vekse opp i Aurland må kommunen legge til rette for attraktive, trygge og gode omgjevnader. Barn og unge skal ha ein god kvardag både i barnehagen, på skulen, og på fritida. Barnehagen- og skulekvardagen skal vere prega av læring og samhandling, med trygge og gode rollemodellar. Kommunen skal ha fokus på tilpassa læring og tidleg innsats, for å sikre at flest mogleg heng med i opplæringa. Eit godt læringsmiljø er avhengig av at skulen jobbar mot eit felles mål og har gode samhandlingsregler og rutinar blant kollegaene. Vidare skal kommunen sikre at alle barn og unge i Aurland har gode sosioøkonomiske levevilkår og får den hjelpen dei treng, noko som krev eit godt samarbeid på tvers av dei ulike instansane. Eit godt oppvekstmiljø kan gi gode opplevingar og barndomsminne, noko som kan bidra til at unge Aurlendingar ynskjer å bli verande i kommunen.

Kva vil det seie å ha eit inkluderande og aldersvennleg lokalsamfunn?

Eit inkluderande lokalsamfunn er eit samfunn der alle kan finne seg til rette, bli sett og høyrt, og finne mogleheter for læring og utvikling. Me vil ha meiningsfullt arbeid for alle grupper i samfunnet og utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse og trivsel. Kommunen ynskjer å legge til rette for eit samfunn der innbyggjarane kjenner på tilhørsle og eigarskap, og har mogleheta til å vere med å styre og bidra i utviklinga av samfunnet. Me skal inkludere alle grupper i fellesskapet, både nye innbyggjarar og dei som treng ekstra oppfølging. Me vil førebyggje psykisk helse, fattigdom og utanforskap, og arbeide for å halde på gamle og nye innbyggjarar, arbeidsinnvandrarar, og flyktningar. Det er venta ein vekst i folketallet fram mot 2040, der nettoinnflytting til kommunen er rekna som ein heilt sentral årsak for dette. Kommunen spelar ei viktig rolle i å påverke folketalsveksten i Aurland gjennom å jobbe for å vere ein attraktiv stad for både busetnad og næringsliv.

Å bygge eit aldersvennleg samfunn handlar om å legge til rette for at innbyggjarane skal kunne leve gode og sjølvstendige liv uansett kva alder dei er i. Kommunen skal ha gode teneste, vere frampå og legge til rette for innbyggjarane våre. Aurland skal vere ein god stad å bu både for barn, ungdom og vaksne i alle aldra. Med mange forskjellelege idrettar, arrangement og utstillingar kan kommunen i dag tilby eit breitt spekter av aktivitetar og kvalitetar innanfor fritid og kultur. Det kan vere vanskeleg å få

oversikt over tilboda, og det må difor arbeidast meir med å nå ut med tilboda til alle innbyggjarane. Det er også rom for å både styrke og utvide kultur- og fritidstilboda. Gjennom å involvere og inkludere innbyggjarane i utviklinga av kulturtildbotet, kan tilboda i større grad spissast mot ønsker i befolkninga. Gjennom mobile og fleksible tenester, kan ein treffe innbyggjarane der dei bur.

Kva vil det seia at det er enkelt å leva klima-, energi- og miljøvenleg?

Det er ein føresetnad at Aurlandssamfunnet gjennomfører eit grønt skifte, med alle dei endringane dette fører med seg. Dette gjennomførast ved klima- og miljøomsyn i arealstrategiar for areal- og transportplanlegging. Dessutan ei kunnskapsbasert og ansvarleg natur- og miljøforvaltning som tek vare på verdiane for framtida. Det vil og seia overgang til fossilfri transport på sjø og land, og i anna motorisert verksemd. Ny praksis innan berekraftige bygg, med miljøvenleg materialbruk og høg grad av energieffektivitet. I tillegg til ei kulturverksemd som vert utvikla i tråd med «Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren», og at alle delar av næringslivet deltek i den sirkulære økonomien og utviklar berekraft på sine respektive område.

Eit Attraktivt og inkluderande lokalsamfunn rettar seg særleg mot innbyggjarane som tenestemottakarar, barn, ungdom og barnefamiliar, tilflyttarar og eldre.

I tabellen nedanfor kan du sjå kva strategiar kommunen har utarbeidd for å nå måla i satsingsområdet.

FNs berekrafts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjerast for å oppnå det vi ønskjer?
	1.1 Det er godt å vekse opp i Aurland kommune	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal ha trygge og gode omgjevnader og møteplassar både i og utanfor skule og barnehage b. Alle barn og unge skal få rett hjelp til rett tid c. Alle barn og unge i Aurland skal ha gode sosioøkonomiske levevilkår
	1.2 Aurland kommune er eit inkluderande og aldersvennleg lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal ha tilgjengelege, gode og attraktive sentrumsområde og møteplassar b. Kommunen skal legge til rette for at nye innbyggjarar føler seg godt inkludert i lokalsamfunnet c. Kommunen skal arbeide for å førebygge og hindre utanforskap d. Kommunen skal ha attraktive kultur- og fritidstilbod som er opne for alle

FNs berekrafts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjerast for å oppnå det vi ønskjer?
 		<p>e. Kommunen skal samarbeide med innbyggjarar og andre aktørar for å skape eit betre kultur- og fritidstilbod</p> <p>f. Digitalisering og velferdsteknologi</p>
    	<p>1.3 Det er enkelt å leve klima-, energi- og miljøvenleg i Aurland kommune</p>	<p>a. Forvaltninga skal ha grundig kunnskap og oversikt over natur- og kulturverdiane og ta miljøomsyn i forvaltninga. Dessutan sikre rein luft og reint vann, og hindre forureining og forsøpling</p> <p>b. Kommunen skal legge til rette for klima- og miljøvenlege transportløysingar, og betre vilkår for sykkel og gange</p> <p>c. Kommunen skal legge til rette for sirkulær økonomi, der alle kan velja delings- og gjenbruksløysingar i sitt forbruk</p> <p>d. Samfunnsutviklinga skal sikre og bidra til å nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen for elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.</p>

4.2.2 Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning

Satsingsområdet *Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning* handlar om utvikling av næringslivet og korleis kommunen skal sikre natur- og kulturverdiar og legge til rette for besøkande.

I dette satsingsområdet har me sett oss følgjande mål:

HOVUDMÅL:

- AURLAND KOMMUNE HAR EIT GRØNT NÆRINGSLIV MED LOKAL VERDISKAPING OG EIN GOD FORVALTNING AV DEN UNIKE NATUR- OG KULTURARVEN

DELMÅL:

- AURLAND KOMMUNE HAR EIT ALLSIDIG, GRØNT OG FRAMTIDSRETTA NÆRINGSLIV
- JORDVERN OG MATPRODUKSJON SKAL VERE HØGT PRIORITYERT I AURLAND KOMMUNE
- AURLAND KOMMUNE ER EIT ATTRAKTIVT OG BEREKRAFTIG REISEMÅL HEILE ÅRET

- NATUR- OG KULTURVERDIANE I KOMMUNEN VERT FORVALTA PÅ EIN BEREKRAFTIG MÅTE

Kva vil det sei å ha eit allsidig, grønt og framtidsretta næringsliv?

Aurland har hatt ein høg næringsattraktivitet sidan 2015, noko som har resultert i vekst i tal arbeidsplassar og ein høgare vekst enn forventa. Avgrensingane knytt til naturfare gjer det vanskeleg å legge ut nye store næringsområde, men det er likevel mogleg å satse på ny næring på ein framtidsretta måte, til dømes ved å legge til rette for grunderhub og kontorfellesskap slik at det er mogleg å bu i Aurland og arbeide andre plassar. Dette vil tiltrekke ny kompetanse til lokalsamfunnet. Det å vere framtidsretta omhandlar og det å legge til rette for grøne bedrifter og sirkulær økonomi.

Koronapandemien har hatt stor effekt på sysselsettinga i Aurland. Med høg arbeidsløyse i periodar, tap av arbeidsplassar og tap av kompetanse. Det er derfor viktig å sjå på korleis næringslivet skal utvikle seg framover, korleis kommunen kan førebu seg på ytre påverknadar og legge til rette for eit meir klimarobust samfunn.

Kva vil det seie at jordvern og matproduksjon skal vere høgt prioritert?

Landbruksnæringa er ei viktig næring for kommunen og det er viktig å arbeide for og oppretthalde dei aktive gardsbruka i kommunen. Tilleggsnæringar skal derfor ikkje gå utover landbruksformålet. Landbrukets klimaplan gjev grunnlag for vidare utvikling av landbruket i meir berekraftig retning. Både klimaendringane og krig i Europa har ført til enno strengare føringar knytt til jordvern. Jordvern skal vere eit overordna omsyn i arealforvaltninga. Ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som allereie er utbygd, vil bidra til å redusere behovet for å bygge ned dyrka jord. Samstundes skal jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Lokale planmyndigheter skal ha nok handlingsrom til å ta avgjersler basert på lokal kunnskap for å utvikle lokalsamfunnet vidare. I den vidare kommunale planlegginga er det derfor viktig å sjå på kva område som framleis skal nyttast til landbruk og kvar det kan opnast for utbygging.

Kva vil det sei å vere eit attraktivt og berekraftig reisemål heile året?

Det er ei rekke populære attraksjonar og reisemål i Aurland kommune, og det store talet på besökande har gjort reiselivsnæringa til ei av dei største næringane i kommunen. Flåm er ei av dei mest besøkte cruisehamnene i Noreg, men grunna vedtak om nullutslepp i verdsarvfjordane er det usikkert korleis utviklinga i trafikk vert framover.

Eit berekraftig reiseliv arbeider heilskapleg, med omsyn til lokal verdiskaping, klima- og miljøbelastning og påverknad på innbyggjarar og samfunn. Det er fleire pågående og vedtekne prosjekt som gjev føringar for reiselivsutviklinga i kommunen, som til dømes Masterplanen til Visit Sognefjord og Vestlandsfylkeskommune sitt prosjekt Grøn Region. Felles for desse prosjekta og planane er at det er eit fokus på berekraftig, grøn omstilling og lokale kvalitetar. Masterplanen har til dømes eit mål om at Vestland fylke skal gjennom berekraftig reiselivsutvikling vere eit attraktivt val for kvalitetsbevisste gjestar som er gode bidragsytarar til lokal verdiskaping i Vestland. Dette fokuset har me med oss i samfunnsdelen.

Me ønskjer eit reiseliv med fokus kvalitet framfor kvantitet, lengre opphold av overnattingsgjester og tydeleg profil knytt berekraft, klima og miljø. Reiselivet skal vere ein pådrivar for bulyst, lokal verdiskaping og heilårs sysselsetting utan at lokale verdiar blir forringa.

Kva vil det seie at natur- og kulturverdiane i kommunen vert forvalta på ein berekraftig måte?

I Aurland er det store verdiar knytt til natur, kultur og landskap. Store delar av kommunen er verdsarvområde, me har landskapsvernombområde og fleire naturreservat. I tillegg til nasjonal laksefjord

og nasjonale lakseelvar, og villrein i fjellområda. Det må vere balanse mellom å ta vare på desse verdiane og bruk av naturen.

Naturlandskapet har vidare gitt grunnlag for heilt særegne kulturverdiar. Folk har busett seg og opphaldt seg i Aurland i lange tider, og det er mange spor på dette i omgjevnadene våre. I tillegg er Flåmsbana, Rallarvegen og Aurlandsdalen å rekne som verneverdige infrastruktur- og kommunikasjonslinjer. Å ta vare på kulturtradisjonar og spor etter fortida er viktig for å sikre besøkstal i kommunen, men er samstundes ein viktig del av å sikre innbyggjarane kjensler av tilhørsle og identitet.

Det er utarbeida besøksstrategi for alle verneområda i Nærøyfjordområdet, og Vestland fylkeskommune har sett i gong eit forprosjekt for besøksforvaltning i Vestland. I tillegg har kommunen utarbeida Sti- og løypeplan og kartlagt verdifulle friluftsområde. Måla som går igjen i desse planane er å finne ein balanse mellom å ta vare på verne- og naturverdiane, gje gode opplevingar for besøkande, ivareta innbyggjarane sine behov og leggje til rette for lokal verdiskaping. Dette er også viktig for kommunen i samfunnsdelen.

Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning rettar seg særleg mot dei næringsdrivande i kommunen, reiselivsnæringa og besøksforvaltninga.

I tabellen under ser du kva strategiar som er sett for å nå måla våre.

FNs berekrifts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjerast for å oppnå det vi ønskjer?
<p>7 REIN ENERGI TIL ALLE 8 AKTSTEDIG ARBEID OG ØKONOMISK VESTI 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR 11 BEREKRIFTIG DØYR OG LOKALSAMFUNN 12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON 13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>	2.1 Aurland kommune har eit allsidig, grønt og framtidsretta næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal leggje til rette for eit meir framtidsretta næringsliv b. Kommunen skal leggje til rette for framvekst av grøne og berekraftige bedrifter c. Kommunen skal legge til rette for eit robust og samarbeidsdyktig næringsliv

FNs berekrafts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjerast for å oppnå det vi ønskjer?
<p>2 UTRYDDE SVOLT </p> <p>8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VERST </p> <p>12 ANSVARLÉD FORBRUK OG PRODUKSJON </p> <p>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE </p> <p>15 LIVET PÅ LAND </p> <p>17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA </p>	<p>2.2 Jordvern og matproduksjon skal vere høgt prioritert i Aurland kommune</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Jordvern skal vere eit viktig omsyn i arealforvaltninga b. Det skal vere enkelt å drive berekraftig landbruk i Aurland kommune c. Tilleggsnæringer på landbrukseigedomar skal sikre og styrke landbruksformåla d. Kommunen skal leggje til rette for å oppretthalde levande gardsbruk e. Kommunen skal arbeide for å behalde eller auke den dyrkbare jorda i kommunen
<p>8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VERST </p> <p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR </p> <p>12 ANSVARLÉD FORBRUK OG PRODUKSJON </p> <p>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE </p> <p>17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA </p>	<p>2.3 Aurland kommune er eit attraktivt reisemål heile året</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Reiselivsutviklinga skal styrast mot fokus på kvalitetsbevisste gjestar og lengre opphold for kvar gjest b. Reiselivsutviklinga skal baserast på grøn omstilling og berekraft c. Aurland kommune skal arbeide mot å bli eit fossilfritt transportknypepunkt
<p>11 BEERKRAFTIGE ØYAR OG LOKALSAMFUNN </p> <p>12 ANSVARLÉD FORBRUK OG PRODUKSJON </p> <p>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE </p>	<p>2.4 Natur- og kulturverdiane i kommunen vert forvalta og formidla på ein berekraftig måte</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal legge til rette for god infrastruktur for å kunne halde fram som ein attraktiv besøkskommune b. Kommunen skal ha god balanse mellom behova til besøkande og fastbuande i kommunen c. Natur- og kulturverdiar skal fremjast som ein del av innbyggjarane s identitet og tilhøyrslle

FNs berekrafts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjerast for å oppnå det vi ønskjer?
 		<p>d. Aurland kommune skal vere pådrivar for utprøving og innføring av fellesgodefinansiering</p> <p>e. Aurland kommune skal vere pådrivar for etablering av eit formidlings- og kompetancesenter om verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden</p> <p>f. Kommunen skal arbeide for å hindre tap av naturmangfold</p> <p>g. Det skal foretakast ein gjennomgang av handlingsrom innanfor ulike verneformer og UNESCO-statusen</p>

4.2.3 Ein førebudd og trygg kommune

Satsingsområdet *Ein førebudd og trygg kommune* handlar om kva grep kommunen som organisasjon må gjere for ivareta dei tilsette sine behov og kunne halde fram som eigen kommune framover. Satsingsområdet tek også for seg bustadmarknaden i kommunen og korleis kommunen kan møte klimautfordringane.

I dette satsingsområdet har me sett oss følgjande mål:

HOVUDMÅL:

- AURLAND KOMMUNE ER EIN TILPASSINGSDYKTIG OG FØREBUDD KOMMUNE

DELMÅL:

- AURLAND KOMMUNE ER EIN FØREBUDD ORGANISASJON SOM TILPASSAR SEG UTVIKLINGA I SAMFUNNET
- AURLAND KOMMUNE ER EIN KLIMAVENNLEG ORGANISASJON SOM TAR VARE PÅ NATUR- OG KULTURVERDIANE
- AURLAND KOMMUNE HAR NOK BUSTADER OG TOMTER TIL ALLE INNBYGGJARANE

Kva vil det seie å vere ein førebudd organisasjon som tilpassar seg utviklinga i samfunnet?

Framover vil kommunen bli pålagt enno fleire oppgåver og det er derfor viktig å bygge nettverk for å bli mindre sårbar og lage meir robuste tenester. I den samband må kommunen ta eit tydeleg retningsval og sjå på kven som er dei naturlege samarbeidspartnarane våre. Her er det viktig å skilje mellom kven me kan inngå strategisk samarbeid med og kven me kan ha oppgåvefellesskap med. Kommunen har til dømes allereie inngått eit strategisk samarbeid på IKT ved å bli med i IKT Nordhordland, mens me har oppgåvefellesskap med Lærdal og Årdal på landbruk. I tillegg er det viktig å sjå på korleis kommunen kan få smartare oppgåveløysing og strukturar, i tillegg til å ha

kvalitative tenester, jf. omstillingsprosjektet. Det er mellom anna viktig å nytte digitalisering og ny teknologi for å oppretthalde gode tenester.

Kommunen må også i oppfølging av planen starte ein prosess for å lage ein tydeleg profil for heile kommunen og revidere visjonen til kommunen. Dette er mellom anna viktig for rekruttering, men også for samhaldet i kommunen. Kommunen treng ein strategi for rekruttering- og behalde som gjeld heile organisasjonen, jf. Helse og omsorg sin strategi. Her må det mellom anna sjåast på samarbeid med andre kommunar for å få større fagmiljø og meir attraktivitet.

For å halde fram det gode arbeidet kommunen gjer på beredskap er det viktig at den lokale beredskapen må oppretthaldast og det må vere nok økonomiske rammer til godt utstyr. Det er viktig å halde fram med godt samarbeid og tett koordinering mellom dei ulike beredskapseiningane, kommunen, lokalsamfunnet og frivillige organisasjoner, i tillegg til å ta vare på den lokale kunnskapen.

Kva vil det seie å vere ein klimavennleg organisasjon som tar vare på naturverdiane?

Ein klimavennleg organisasjon handlar om tiltaka som kommunen kan gjere for å vere ein pådriver for klimaomstilling, som til dømes energisparande tiltak i eigne bygg og fossilfri bilpark. I tillegg til tiltak kommunen kan gjere i eigen organisasjon for å få eit meir miljøvennleg forbruk, til dømes i innkjøpa kommunen gjer. Kommunen må også vere førebudd på klimaendringane, ved mellom anna å skaffe seg oversikt over konsekvensane og setta i verk tiltak for å motverka ulemper og hindra eller redusere skade. Dessutan kva område ein får nye moglegheiter som endringane kan føra med seg. Med dette som utgangspunkt, kan ein omstille og sikra samfunnet og auka berekraft.

Kommunen må også ha eit godt kunnskapsgrunnlag om naturverdiane våre og ha god forankring av verdsarvstatusen. Dette inneber å arbeide med formidling av verdsarvstatusen og at den skal vere ein sentral del i forvaltninga til kommunen. Retningslinjer i Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, bør leggjast til grunn ved kommunen si forvaltning av verdsarvområdet.

Kva vil det seie å ha nok bustadar og tomter til innbyggjarane?

Etterspurnaden etter bustadar både for kjøp og leige har lenge vore større enn det som er tilgjengeleg i marknaden. Samstundes som det er behov for fleire utbyggingsklare tomter og sirkulasjon i bustadmarknaden, er det lite areal i kommunen som eignar seg for utbygging. Store delar av kommunen er underlagt aktseområde for skred, flaum eller kvikkleire, og det arealet som er eigna for utbygging er i stor grad samanfallande med innmark i aktiv drift. Ei anna problemstilling for kommunen er talet på bustadar som vert leigd ut som korttidstutleige.

Mangel på bustadtomter er eit reelt hinder for menneske som allereie er i, og ynskjer å etablere seg i kommunen, men kan også vere eit hinder for tilflytting. Dette er ein faktor som kan verke direkte inn på befolkningsutviklinga i kommunen. Kommunestyret vedtok i 2020 Bustadpolitisk handlingsplan, med føremål om å sette i verk tiltak som kan bidra til ein betre bustadsituasjon i kommunen. Fleire av desse tiltaka vert fylgt opp gjennom kommuneplanen, både i samfunnssdelen og arealdelen. Til dømes har kommunen ein strategi om å ta ei strategisk rolle i bustadutviklinga, noko som inneber å ta initiativ til samarbeid med utbyggjarar og sette i gong med utbyggingsprosjekt. I ei slik rolle er kommunen analytisk i si tilnærming til bustadmarknaden – gjennom analyser av bustadmarknaden med fokus på status og framtidig behov som kommunen har.

Den Bustadpolitiske handlingsplanen tar også for seg sosial bustadpolitikk. Gjennom den sosiale bustadpolitikken kan kommunen utjamne sosial ulikskap i helse, og integrere ulike utsette grupper,

og grupper med særskilte behov i ordinære bumingjø. Bustadar for alle befolkningsgrupper, inkludert vanskelegstilte på bustadmarknaden, må derfor inkluderast i den ordinære planlegginga, jf. Alle trenger et trygt hjem, Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024).

Ein førebudd og trygg kommune rettar seg særleg mot dei tilsette i kommunen og unge i etableringsfasen.

I tabellen under ser du kva strategiar me har sett oss for å nå måla våre.

FNs berekrifts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjera for å oppnå det vi ønskjer?
<p>7 REIN ENERGI TIL ALLE 8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VERTI 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR 11 BEREKRIFTIGE BYRÅ OG LOKALSAMFUNN 12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>	<p>3.1 Aurland kommune er ein førebudd organisasjon som tilpassar seg utviklinga i samfunnet</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal ha gode strategiske samarbeid og oppgåvefellesskap b. Kommunen skal vere i framkant for å nytte ny teknologi for å gi gode teneste c. Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og halde på tilsette d. Kommunen skal utarbeide ny visjon og profil, som framhevar kvalitetane til kommunen og er godt forankra i lokalsamfunnet e. Kommunen skal ha god infrastruktur, sikker energiforsyning og oppretthalde det gode beredskapsarbeidet f. Kommunen skal i arealplanarbeidet legge premissar for overvasshandsaming gjennom arealføremål, omsynssoner og andre planføreresegner g. Kommunen skal arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel/adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder og andre vesentlege tilhøve ved ein person

FNs berekrafts- mål	Delmål – kva ønskjer vi å oppnå?	Strategi – kva må gjera for å oppnå det vi ønskjer?
<p>2 UTRYDDE SVALT 11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN 12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE 14 LIVET I HAVET 15 LIVET PÅ LAND 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>	<p>3.2 Aurland kommune er ein klimavennleg organisasjon som tar vare på natur- og kulturverdiane</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal vere ein drivar i utviklinga av eit klima-, miljø- og energivennleg samfunn og nytte klimarekneskap og klimabudsjett som verktøy b. Kommunen skal vere førebudd på klimaendringane c. Kommunen skal leggje til rette for miljøvennleg forbruk i eigen organisasjon d. Verdsarvstatusen skal vere ein sentral del av kommunen sin forvaltning og marknadsføring
<p>11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE</p>	<p>3.3 Aurland kommune har nok bustader og tomter til alle innbyggjarane</p>	<ul style="list-style-type: none"> a. Kommunen skal arbeide for å auke bruken av eksisterande bustadmasse b. Kommunen skal ta ei strategisk rolle i bustadutviklinga c. Fortetting skal vere eit grunnleggande prinsipp ved vidare utbygging

5 Arealstrategi

Ein arealstrategi er langsiktige og overordna prinsipp for arealbruken i kommunen. Arealstrategien skaper eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen då den legg føringar for vidare arealbruk i kommunen allereie frå samfunnsdelen vert vedteke. Den vil leggje føringar for behandling av innspeil til arealdelen og framtidige forslag om regulering og utbygging. Under følgjer sju arealstrategiar for Aurland kommune, med forklaring om kva strategiane inneber.

Overordna strategiar for Aurland kommune:

1. Klima og miljø skal vere førande for ny arealbruk

Menneske forbrukar stadig meir naturressursar. Dette har gått utover naturmangfald og regulerande økosystem, til dømes flaumdempende område, pollinering og klimaregulering. Om me skal stoppa tapet av naturmangfald, må landet verta arealnøytralt. Det tyder at me må gjenbruка og fortetta allereie utbygde areal, framfor å byggja ut meir natur. I tillegg må me ta vare på nærliken til vatn og kantsoner. Strategien inneber:

- Auka gjenbruk og fortetting av areal som allereie er utsett for menneskelege inngrep
- Arealrekneskap
- Fellesgodefinansiering for å redusera presset på natur
- Rekkefølgjeavgjerd i planlegging, som følgjer hierarkiet unngå, avbøta, restaurera, kompensera
- Ta vare på og forvalta naturressursane gjennom heilsakleg, langsiktig og kunnskapsbasert planlegging

2. Arealdelen skal ta utgangspunkt i arealrekneskap for naturtypar, landbruksjord og utbygd areal

I eit arealrekneskap går ein igjennom arealet i kommunen og får oversikt over kva areal som er tilgjengeleg. Dette kan sjåast i samanheng med kva behov kommunen har og brukast som eit grunnlag for arealdelen. Eit arealrekneskap kan ta utgangspunkt i verktøy som KOSTRA, og bør innehalde:

- Miljøstatus for kvar einskild naturtype i kommunen, inkludert naturtypar som har vorte meir eller mindre borte; attverande omfang og økologisk kvalitet, positiv/negativ trend
- Vurdering av kva for naturtypar der det ikkje skal vera rom for meir utbygging eller andre arealendringar. Villreinområde, gamal naturskog, myr og anna våtmark, artsrikt kulturlandskap og kystområde er døme på slike naturtypar
- Oversikt over område der det er behov for restaurering/kompensasjon for å bevara biologisk mangfald og oppretthalda økologisk funksjon
- Oversikt over kor det er behov for meir kartlegging
- Historisk oversikt over arealendringar

3. Arealbruken skal bidra til god folkehelse

Det er kjent at fysiske omgjevnader verker inn på kvardagslivet og livskvaliteten til menneske. Eit fysisk miljø som er tilgjengeleg og gir grunnlag for aktivitet og sosial samhandling vil kunne bidra til at innbyggjarar trivst i kvardagen sin i Aurland. I utgangspunktet bør ein kunne bevege seg fritt og ha kort avstand til ulike kvardagsfunksjonar. Også estetiske kvalitetar i bygningsmiljø og uteområde vil kunne bidra til god folkehelse. Strategien inneber:

- Gode og grøne oppvekst- og nærmiljø
- Fokus på tilrettelegging for sykkel og gange
- Planlegging for spontane møter i kvardagen, gode sosiale møteplassar
- Universell utforming som grunnleggande prinsipp i all planlegging og utbygging

4. All arealbruk i Aurland kommune skal ta utgangspunkt i fortetting og transformasjon

Naturfare, jordvern og natur- og kulturverdiar gjer at me har avgrensa utbyggingsareal i kommunen. Dette krev at me må utnytte dei areala og den bygningsmassen me allereie har bygd ut. Difor er fortetting og transformasjon satt som ein overordna strategi for arealutviklinga i Aurland kommune. I tillegg vil fortetting og transformasjon hindre auke av klimagassutslepp frå arealbruk og bidra til arealnøytralitet og redusert transport og utslepp. Strategien inneber:

- Utvikling av kommunens areal skal bygge på oppdaterte kunnskapsgrunnlag om naturfare, jordvern og natur- og kulturverdiar
- Utbygging i tilknyting til eksisterande infrastruktur (veg, VA, leidningsnett)
- Auka bruk av eksisterande bygningsmasse: rehabilitering, seksjonering, nullkonsesjon
- Sikre meir variasjon og mangfold i bustadar
- Fortetting i eksisterande bustadfelt: tilbygg, påbygg, høgare utnyttingsgrad, minihus
- Fortetting i LNF-område i tilknyting til eksisterande bustadar for å sikre moglegheit for bustadbygging og gode generasjonsskifte i utkanten av kommunen
- Fleirfunksjonalitet skal vere ein prioritet ved utvikling i sentrumsområde

5. Aurland kommune skal vere grobotn for sirkulær økonomi og framvekst av nye, grøne næringar

Kommunen ønskjer å leggje til rette for grøne og berekraftige næringar, ny kompetanse og fleire arbeidsplassar. Næringsutviklinga skal i hovudsak skje innanfor etablerte sentrumsområde og eksisterande næringsareal. Strategien inneber:

- Omstrukturere og utnytte bygga me har til næring, legge til rette for kontorfellesskap og grunderhub
- Styrke eksisterande næringsareal med omsyn til klimagassutslepp og naturmangfold
- Legge til rette for framvekst av grøne og berekraftige bedrifter
- Reiselivsutviklinga skal styrast mot fokus på kvalitetsbevisste gjestar og lengre opphold for kvar gjest
- Tilleggsnæringer skal sikre og styrke landbruksformåla og eit klimasmart landbruk
- Opplæring og formidling av natur- og kulturverdiar i næringssamanhang

6. Sentrumsområda i Aurland kommune skal vere attraktive, opne og tilgjengelege

Kommunen ønskjer å skape eit inkluderande og aldersvennleg lokalsamfunn med gode møteplassar for ulike grupper i befolkninga. Dette tenker me å gjere gjennom å legge til rette for meir fleksibel og tilgjengeleg bruk av sentrumsnære fasilitetar og lokalar, og gjennom å sikre gode uteområde som er tilrettelagt for alle. Strategien inneber:

- Opne og publikumsretta førsteetasje i sentrumsnære område
- Meir fleksibel bruk av kommunale fasilitetar og lokalar
- Uteområde skal invitere til opphold for menneske i alle aldrar
- Benker langs utvalde gangvegar
- Gode leikeplassar i sentrumsområde
- Universell utforming i og mellom offentlege bygningar og sentrumsnære uteområde
- Det skal sikrast god handtering av overflatevatn i urbane område
- Legge til rette for meir sykling og gåing i sentrumsområde

7. Det skal vere balanse mellom besøk, næring og innbyggjarane sine behov

Med det store talet på besøkande som kjem til Aurland kommune kvart år må kommunen ha føringar som styrar besøksstraumane for å unngå slitasje på natur- og kulturverdiane våre, tar vare på innbyggjarane sine behov og legg til rette for eit godt opphold for dei besøkande. Strategien inneber:

- Føringar for korttidsutleige i arealdelen
- Omsynssone på fjorden som regulerer trafikk
- Besøksstrategi for heile kommunen, der ein tek omsyn til klimagassutslepp og naturmangfald
- Gode løysingar for parkering, skilting, toalett og avfallshandtering
- Gode løysingar for kollektiv transport til utfartsområde
- God forvaltning og formidling av verdsarvstatusen og natur- og kulturverdiane våre

6 Oppfølging av planen

Samfunnssdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsverktøyet kommunen har, og skal leggjast til grunn for alt arbeid og vidare utvikling i kommunen vår. Planen har eit ti-årsperspektiv og skal rullerast kvart fjerde år. Måla og strategiane i samfunnssdelen er overordna og må følgjast opp i underliggende planverk. I praksis er det økonomiplanen som utgjer handlingsdelen til samfunnsplanen. I oppfølging av samfunnsplanen må det arbeidast med tiltak som skal følgje opp mål og strategiar i samfunnssdelen.

Arealstrategiane i samfunnssdelen utgjer koplinga mellom samfunnssdelen og arealdelen. Gjennom arealstrategiane vert måla og strategiane i samfunnssdelen fylgt opp i plankart og føresegnene til arealdelen til kommuneplanen. Vidare legg arealdelen føringar for reguleringsplanar og byggesaker.

Samanheng i plansystemet

Politiske planar



Administrative planar

